



Spar Seimstrand
Lurevegen 88
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 16/117

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
05.01.2016

Vedkomande fettutskiljar ved Spar Seimstrand - gbnr 171/56 Lurevegen 88

Teknisk drift, VVA, syner til våre brev av 24.02.14, 07.05.14, 30.05.14, 08.05.15, 18.06.15, 07.07.15, 13.08.15, 17.09.15, og 12.10.15, samt Dykkar tilbakemelding av 20.03.14, 01.06.14, 15.09.15 og 12.10.15.

Teknisk drift krev nå at forhold rundt fettutskiljaren ved Spar Seimstrand vert utbetra. Eksisterande anlegg må byttast ut i eit større anlegg. Det er ikkje søkt Teknisk drift, VVA, om løyve til å knytte eksisterande anlegg til kommunalt nett og det ligg derfor ikkje føre godkjent løyve frå Teknisk drift for anlegget.

Dersom De framleis meiner at kommunen har godkjent anlegget, må dette dokumenterast. Sjølv om slik dokumentasjon kan framvisast, vil krav om utskifting av anlegg framleis gjelde. Anlegg som er installert ved Spar Seimstrand tilfredsstiller ikkje krav til utsleppsvatn.

Teknisk drift har registrert at det mykje fett på kommunalt leidningsnett, nedstrøms tilknyttingspunktet til gbnr 171/56. Feitt som vert ført ut på kommunalt leidningsnett tilstopper leidningsnettet og påfører kommunen store kostnader med oppspying av dette. Fett vert også ført til reinseanlegg påfører anlegget skader. Fett i reinseanlegg fører til at kommunen må skifte ut reinsduk, spyle opp anlegg, samt utføre biologisk/kjemisk fjerning av fett i anlegget. Kommunen har heimel i «Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser» til å fakture abonnementen kostnaden med utbetring av skader som abonnementen påfører kommunalt leidningsnett og reinseanlegg.

I «Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser», punkt 3.14 heiter det «Abonnementen er ansvarleg for skade eller ulemper han ved forsett eller uaktsomhet påfører offentlig vann- og avløpsanlegg. Abonnementen svarer også for skade eller ulempa som personer som nytter hans installasjoner påfører offentlig vann- og avløpsanlegg.» Dersom privat leidningsnett har fleire eigarar, er alle eigarane solidarisk ansvarleg for dei plikter fastsettingane «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelsene» pålegger abonnementen.

Lindås kommune ved Teknisk drift, VVA, har, i tillegg til overnemte heimel, også heimel til å pålegge eigedom dobbelt kommunalt gebyr inntil forhold er utbetra (jf. forskrift for fettutskiljar Lindås kommune). Dette gebyret vil fakturerast kvart kvartal inntil forholda er retta. Vi gjer merksam på at gebyret følgjer



same regelverk som for innkreving av skatter. Om naudsynt kan Teknisk drift stenge vasstilførsel til eigedom og halde denne stengt til forholda er retta (jf. forskrift for fettutskiljar Lindås kommune, punkt 9.2).

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløvye for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift krev installering av ny fettutskiljar ved Spar Seimstrand, Lurevegen 88, Seim. Fettutskiljar skal tilnyttast spillvassleidning slik at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og medfører skade på dette og reinseanlegg

Med helsing

Atle Dingen
einingsleiar

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Spar Region Vest

Postboks 270, 5888
Indre Arna

BERGEN

Mottakarar:

Spar Seimstrand

Lurevegen 88

5912

SEIM